



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 11. februar 2014 kl. 09.00 – 10.45
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Unni Andersen Sæbø, Anna K. Valle og Rolf Henning Hegland
Forfall:
Innkalla: Fungerande rådmann og fungerande assisterande rådmann til sak 04/14
Frå revisjonen: Tone Dahle til sak 05/14 og 06/14
Sekretær: Bent Gunnar Næss

01/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 10.12.13 vart godkjent.

03/14 Skriv og meldingar

- Fylkesmannen 27.01.14 – budsjett og økonomiplan
- Fylkesmannen 13.12.13 – avslutning tilsyn Knarvik sjukeheim og kommunen sin evalueringsrapport
- Årsrapport Nordhordland kemnerkontor 2013
- Statusrapport til kommunestyret for korleis tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen vert å fylgja opp (vedlikehald og inneklima i kommunale bygg) – 85/13 – 28.11.13

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

04/14 Kommunen sitt innkjøp av kvalitetssystem – orientering frå administrasjon om prosessen

Saksvedlegg: Epost frå John Tonheim 20.12.13 med vedlegg

Bakgrunn for saka er ein epost frå John Tonheim i Kvalitetslosen AS. Han peikar på ein del forhold som han meiner har vore uheldig i samband med kommunen sitt innkjøp av internkontroll system.

Fungerande rådmann orienterte om bakgrunn for saka og det vart delt ut eit notat i møte.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser ikkje grunn til å følgje opp den saka vidare med bakgrunn i administrasjon sin orientering til kontrollutvalet.

05/14 Forvaltningsrevisjon – Plan- og byggesaksbehandling

Revisor orienterte om status for prosjektet. Prosjektet er starta opp med å hente inn informasjon og kontakt med kommunen er oppretta.

Det vart gått gjennom dei ønskjene som kontrollutvalet kom med i sist møte. Det kom også nokre innspel til revisjonen i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

06/143 Forvaltningsrevisjon – «Ny brannstasjon»

Revisor orienterte om status for prosjektet. Prosjektet er starta opp med innhenting av informasjon.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

07/14 Årsmelding 2013 kontrollutvalet

Sakstilfang: Utkast til årsmelding

Utkast til årsmelding vart gjennomgått i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjente årsmeldinga slik den låg føre.

08/14 Møteplan for kontrollutvalet - 2014

Sakstilfang: Utkast møteplan kontrollutvalet – 2014

Kontrollutvalet diskuterte planen og kva saker som er aktuelle i året 2014.

Det vart satt opp følgjande møtedatoar:

- 25. mars
- 6. mai
- 9. september
- 14. oktober
- 9. desember

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan for for 2014.



08/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

09/14 Eventuelt

Eit førebels rekneskap for kontrollutvalet viser eit forbruk i 2013 på om lag 880.000,- kr, det er 45.000 kr under budsjett.

Med bakgrunn i den omtalen som kommunestyret si handsaming av forvaltningsrevisjonsrapporten om barnevernet hadde gitt i media vart der referert til kva som hadde skjedd i kommunestyret. Kommunestyret vedtok forslaget til vedtak som kontrollutvalet hadde.


Neste møte er 25. mars kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Prosjektrekneskap
- Status for forvaltningsrevisjon
- Tema for nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Knarvik 11.02.2014


Øystein Reidar Moldeklev, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær